

# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Park Hotell, Voss  
**Dato:** 21.02.2018  
**Tidspunkt:** 10:00 – 14:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Turvoll	Leiar	VIK
Sigbjørn Hauge	Nestleiar	VOSS
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	SFFK
Liv Anne Aanesen	Medlem	MODA

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Inger Ulvund	MEDL	HOFK
Frode Merkesvik	MEDL	HØY

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ingen varamedlemer møtte.		

---

## Merknader

---

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/forvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Olav Turvoll                      Karen Marie Hjelmeseter

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/18	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 3/18	Referatsaker		
RS 1/18	Stølsheimen verneområdestyre - innspel til planprogram for revisjon av kommuneplanen sin arealdel i Vik kommune		2018/114
RS 2/18	Evanger kraftverk. Torvedalstjern. Merknader til Stølsheimen verneområdestyre sitt skriv av 06.12.2017		2017/3905
RS 3/18	Rapport - brukarundersøking i Stølsheimen 2017		2017/559
RS 4/14	Stølsheimen verneområdestyre – kommentar til lokale retningslinjer for motorferdsel i utmark i Vik kommune		2018/661
ST 4/18	Delegerte saker		
DS 1/18	Stølsheimen landskapsvernområde - kjentmannstur for evakueringsrute frå rv. 13 på Vikafjellet over Finnbunuten		2013/447
ST 5/18	Stølsheimen verneområdestyre - ny bru over Dårlegelva		2016/3073
ST 6/18	Stølsheimen verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidlar 2018		2017/3856
ST 7/18	Stølsheimen landskapsvernområde - tiltaksmidlar til å sette opp vardar på stien mellom Vatnane og Urdaskardet		2017/3856
Andre saker	Møteplan for 2018		

### Møteplan for 2018

Dato	Møte - tema	Møtestad
22.- 23.mai	Styremøte - Studietur, besøksstrategi. Hallingskarvet nasjonalpark	Geilo
18. juni	Styremøte og dialogmøte med referansegruppa for besøksstrategien	Vik
18.- 19.september	Styremøte - besøksstrategi	Ortnevik
26.november	Styremøte – bestillingsdialog med SNO	Modalen/Voss

## **ST 1/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 21.02.2018**

### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent med tilføyning av RS 4/18 på saklista.

## **ST 2/18 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**

**Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 21.02.2018**

### **Vedtak**

Karen Marie Hjelmeseter vart valt til å skriva under protokollen saman med styreleiar. Protokollen vert elektronisk godkjent.

## **ST 3/18 Referatsaker**

**Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 21.02.2018**

Referatsakene (RS) vart lagt fram til orientering.

## **RS 1/18 Stølsheimen verneområdestyre - innspel til planprogram for revisjon av kommuneplanen sin arealdel i Vik kommune**

Uttale til planprogrammet vart godkjent av verneområdestyret.

## **RS 2/18 Evanger kraftverk. Torvedalstjern. Merknader til Stølsheimen verneområdestyre sitt skriv av 06.12.2017**

## **RS 3/18 Rapport - brukarundersøking i Stølsheimen 2017.**

### **Besøksstrategiarbeidet**

Forvaltar presenterte rapporten frå brukarundersøkinga i Stølsheimen. Pressemelding og rapporten vert sendt til postmottak i kommunane med areal i Stølsheimen og lokalaviser.

Arbeidsnotatet for besøksstrategien vart diskutert på møtet. Styret støttar utkast til strategiane i notatet. Forvaltar tek kontakt med destinasjonsselskapa Visit Voss og Visit Sognefjord for å få informasjon om reiselivsaktivitet i og rundt Stølsheimen, og for å få innspel til strategiane i besøksstrategien.

Styret ynskjer å møta andre verneområdestyre/nasjonalparkstyre for å diskutera besøksstrategiarbeidet. Det kom framlegg om fellesmøte med Nærøyfjorden verneområdestyre, og studietur til Geilo i mai for å møte Hallingskarvet nasjonalparkstyre. Forvaltar planlegg og organiserer studieturen.

## **RS 4/18 Stølsheimen verneområdestyre - kommentar til lokale retningslinjer for motorferdsel i utmark i Vik kommune**

Kommentar til lokale retningslinjer vart godkjent av verneområdestyret

## **ST 4/18 Delegerte saker**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 21.02.2018**

Delegerte saker (DS) vart lagt fram til orientering.

## **DS 1/18 Stølsheimen landskapsvernområde - kjentmannstur for evakueringsrute frå rv. 13 på Vikafjellet over Finnbunuten**

## **ST 5/18 Stølsheimen verneområdestyre - ny bru over Dårlegelva**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 21.02.2018**

## **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen og Hordaland turlag løyve til å bygge ny bru over Dårlegelva ved Solrenningen i Stølsheimen landskapsvernområde.

Løyvet vert gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 5 og gjeld med fylgjande vilkår:

- Brua skal plassert i området som vart avklart under synfaringa 6. juli 2017, i nærleiken av GPS-koordinatane N 6767521, Ø 345734 (WGS 84/UTM 32N).
- Brua skal vera ei heilårsbru i spenntre, i tråd med skisse i søknad med lengde 8 – 10 meter, breidde inn til 80 cm. Det kan setjast opp enkelt rekkverk på brua med stolpar på 90 cm høgde, og tau mellom stoplane.
- Det skal støypast betongfundament til brua. Dimensjonane på betongfundamentet kan vera inntil 50 cm høgde, 100 cm breidde og 50 cm lengde. Betongen skal blendast eller skjulast med stein dersom det er mogeleg. Brufundamentet skal boltast fast i fjellet.
- Den gamle brua, restar av gammalt fundament, søppel og restar etter bygginga skal ryddast vekk og fjernast frå verneområdet straks ny bru er ferdig bygd.

- Etter at ny bru er på plass, skal tiltaket dokumenterast med bilete og rapport som skal sendast til verneområdeforvaltaren.
- Eventuell motorferdsel for transport av materialar og utstyr i samband med bygginga må søkjast om, jf. verneforskrifta.
- Det må innhentast samtykke frå grunneigarar før arbeidet startar opp.
- Bergen og Hordaland Turlag er eigar av brua, og har ansvar for vedlikehald av brua.
- Bergen og Hordaland Turlag er ansvarleg for å få merkt ny sti mellom bruene over Ålrekelvi og Dårlegelva. Oppmerking og tiltak på eksisterande sti skal fjernast.

## ST 6/18 Stølsheimen verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidlar 2018

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 21.02.2018

#### Handsaming i møte

Tildeling av midlar frå Miljødirektoratet til Stølsheimen verneområdestyre vart lagt fram i møte. Det er tildelt fylgjande midlar for 2018:

Tiltaksmidlar kr. 308 500

Driftsmidlar til styret: kr. 160 000

Planleggingsmidlar forvaltningsplan/besøksstrategi m.m.: kr. 100 000.

Styret vedtok å fordela tiltaksmidlane i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Planleggingsmidlane skal prioriterast til arbeid med besøksstrategien.

#### Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre fordeler tiltaksmidlar etter prioritert rekkefylgje i tiltaksplanen for 2018.

Tiltak 2018	Samarbeidsaktørar	Kostnad	Prioritet
Skjøtsel av prioriterte stølar Negardstølen, Rotteskaret, Smørklepp, Ytstestølen, Sylvarnesdalen, Torvedalen.	Prosjektlear/grunneigar/ SNO	113 500	1
Vedlikehald stølsveg Hestfjellet	Prosjektlear/grunneigar	20 000	2
Skjøtsel og utbetring av stølsvegar: Fossesete – Vatnane	Prosjektlear/grunneigar/ SNO	80 000	3
Restaurering og nye vardar på stølsvegar, tradisjonelle vardar for stølsvegar	Grunneigarar	25 000	4
Planlegging av uttak av plantefelt med gran	Grunneigarar/konsulent	40 000	5
Planlegging/utgreiing av tiltak på utvalde stiar	SNO/grunneigarar/turlag	30 000	6
SUM		308 500	

Forvaltar kan i samråd med styreleiar fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak innan for budsjettamma.

## **ST 7/18 Stølsheimen landskapsvernområde - tiltaksmidler til å sette opp vardar på stien mellom Vatnane og Urdaskardet**

**Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 21.02.2018**

### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre løyver inntil kr. 8 750 i tiltaksmidler til Bergen og Hordaland Turlag til delfinansiering av vardeprosjekt på stien mellom Vatnane og Urdaskardet. Vardane skal setjast opp i samsvar med vilkåra for tilrettelegging av stien, sak 15/17 (ref. 2017/2997) Stølsheimen verneområdestyre.

Tiltaksmidlane kan betalast ut til Bergen og Hordaland Turlag når arbeidet er utført